


# Referat frå møte 19.09.22

| | |
|---|---|
| **Dato:**<br>**19.09.2022 kl.1800** | **Referent:**<br>Linda Selheim |
| **Kven er innkalla?** | Rektor kalla inn både hovud- og vararepresentant til dette første møtet. Avtroppande FAU-leiar Jørgen Kausland blei også kalla inn.<br>SFO: Merethe Hitsøy (Cecilie Dale Glesnes)<br>1. årssteg: Merethe Svendsen Hauken og Henriette Kallestad (Nina Støkkan-Glesnes, Mona Rabben)<br>2. årssteg: Kim Dale Eide og Lisbeth Hjelle (Oddbjørn Liland)<br>3. årssteg: Kent Are Jenssen og Ana Rodriguez (Anne Mette Telle, Kari Ann Midttveit)<br>4. årssteg: Kari-Anne Glesnes og Marianne Huseby (Marit Bø, Mubariz Saffa)<br>5. årssteg: Kurt Jarle Selstø og Thomas Bruvik (Anette Nyhammer, Bente Vabø)<br>6. årssteg: Elisabeth Kløve og Gourand Goulven (Katarina Abbedissen, Veronica Myrvold Larsen)<br>7. årssteg: Anne Maren Agasøster og Aina Midttveit (Fredrik Mortensen, Jannicke Høyland) |
| **Sted:**<br>Spildepollen skule – møterom v/personal | **Kven møtte:**<br>Jørgen Kausland, Linda Selheim, Henriette Kallestad, Lisbeth Hjelle, Merethe Hitsøy, Cecilie Dale Glesnes, Kari-Anne Glesnes, Anne Maren Agasøster, Aina Midttveit, Elisabeth Kløve, Gourand Goulven. |

| Sak | Beskriving | Oppfølg. |
|---|---|---|
| **Godkjenning av innkalling** | Innkallinga blei godkjendt med ein merknad. Rektor har kalla inn feil føresett frå 6. årssteg. Rett vararepresentant er Veronica Myrvold Larsen, ikkje Veronica Rong. | |
| **Konstituering** | - Val<br>o Leiar: Lisbeth Hjelle<br>o Nestleiar: Elisabeth Kløve<br>o Kasserar: Anne Maren Agasøster<br>o Referent: Gourand Goulven<br>o Deltakar SU: Leiar og nestleiar<br>o Deltakar SMU: Leiar og nestleiar | |
| **Informasjon om nytt skuleår** | - Rektor presenterer denne saken | |




| | | |
|---|---|---|
| | Spildepollen skule har 211 elevar dette skuleåret. Elevane er fordelt på 7 årssteg og 14 grupper. Ein har valgt å dele 3. og 4. årsteg i to grupper sjølv om elevtalet ikkje tilseier at dette er naudsynt. Dette for å betre elevoppfølging for kvar einskild elev, samt lette kontaktlærarjobben.<br><br>Skulen sine satsingsområder er DUÅ, utesymjing og uteskule, alternativ opplæringsarena og elevmedverknad.<br><br>Skulen opplever å ha hatt ein roleg og god oppstart på skuleåret. | |
| **Informasjon om FUG** | - Rektor presenterer denne saken<br><br>FUG står for Foreldreutvalet for grunnskulen. Rektor rådar alle representantane i FAU å gå inn på heimesida www.fug.no. Ein vil der få god informasjon om kva det vil seie å vere foreldrerepresentant i FAU, etiske retningslinjer, forslag til tema osb. | |
| **Informasjon om årets TV-aksjon** | - Rektor presenterer denne saken<br><br>Årets TV-aksjon går til Leger uten grenser. Skulen kjem til å følgje undervisningsopplegg som ligg på Salaby. Skulen kjem ikkje til å arrangere skoleløp. Skulen har Kolibri som solidaritetsorganisasjon og kjem til å arrangere skoleløp i samband med dette samarbeidet. Rektor melder i frå til kommunen om kven som er FAU-leiar.<br><br>FAU Spildepollen har tidlegare kome med innspel om at det er meir føremålsteneleg med digital innsamling enn tradisjonell bøssebæring. | |
| **Overlevering FAU 21/22** | - Rekneskap<br>- Protokoll<br>    o Signatur<br>    o Heile styret med fult personnummer<br>- Registrering i Brønnøysund<br>Altinn - Registrere nye og endre eksisterende virksomheter - Samordnet registermelding<br>- Endre tilganger til bankkonto<br>- Endre tilganger til VIPPS<br>- Overlevering av saker<br><br>Avtroppande FAU-leiar Jørgen Kausland orienterte om punkta over. Det blei bestemt at leiar og nestleiar er dei to | |




| | | |
|---|---|---|
| | som signerer protokollen. Alle hovudrepresentantar må ta kontakt med leiar for å oppgje personnummer som skal registrerast i Brønnøysund-registeret.<br>Ny Leiar må ringe Sparebanken Vest for å endre tilgang til konto. Ho må også kontakte DNB for å få tilgang til Vipps-konto.<br>Saker som blir overlevert til det nye FAU-et omhandlar gangoverfelt ved Kausland, Nolten og Blokkebærhaugen, opplegg frå Barnevakten om nettvett og kva ein gjer med knausen nede ved vegen (ved oppkøyrsel til skulen). | |
| **Eventuelt** | Gjennomgang av FAU sine vedtekter og gjennomgang av FAU sitt årshjul bør vere saker på neste møte.<br>Leiar kontaktar rektor i god tid før neste møte for at begge partar kan melde saker. | |